



Arkivnr: 2014/598-9

Saksbehandlar: Bjarte Molvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.11.2014

Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren – budsjettfordeling nr. 7 - 2014

Samandrag

I budsjettet for 2014 er det løyvd 120 millionar kroner til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren. Det er tidlegare i år fordelt totalt 103,3 millionar kroner frå denne budsjettposten. I denne saka rår ein til at ufordelte midlar på 16,7 million kroner til prosjektet ved Bergen Maritime vgs., universell utforming, Osterøy vgs. og Austrheim vgs.

Forslag til vedtak

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./mindreinnt.	Mindreutg./meirinnt.
10 625.020.00	02320	02133	Osterøy vgs. - ombygging	8 200 000	
10 655.020.00	02320	03219	Bergen Maritime vgs. - Inneklima	5 200 000	
10 777.025.00	02320	00208	Universell Utforming Austrheim vgs. – Rehab. / omb.	3 000 000	
10 641.020.00	02320	02130	forprosjekt	300 000	
10 777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		16 700 000
				16 700 000	16 700 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Johnny Stiansen
fylkesdirektør økonomi

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 05.11.2014**Osterøy vgs - Ombygging**

Fylkesutvalet løyvde i sak 71/2014, 0,3 million kroner til utarbeiding av forprosjekt for ei utviding/ombygging av skulen. Forprosjektet er nå ferdig. Forprosjektet stadfestar at skulen har behov for meir areal, og mellom anna er elevtalet knytt til tip-fag høgare enn skulen er dimensjonert for. Ein rår til at skulen får etablert ein ekstra mesanin i verkstadshallen, og eit tilbygg med praktisk teorirom og arbeidsgarderobar for el. og tip-fag.

Samla kostnad for prosjektet inkludert forprosjekt er rekna til 8,5 million kroner. Ein rår til at det vert løyvd 8,2 million kroner slik at prosjektet er fullfinansiert.

Universell utforming

Det er så langt i år løyvd 32 million kroner og nytta om lag 24 million kroner innanfor universell utforming, og mange prosjekt pågår for fullt. Vidare skal ein og starte opp arbeida ved Stord vgs. i samband med at der vert etablert karrieresenter. Gjeldande regnskapspraksis gjer at prosjektet må ta høgde for lønskostnadene til eigne tilsette. Ein rår difor til at prosjektet/formålet får auka ramme for inneverande år, og at ein løyver ytterlegare 3 million kroner til prosjektet.

Bergen Maritime vgs. – Oppgradering ventilasjon / varme m.m..

Fylkesutvalet løyvde i sak 33/2014 i februar i år 10 million kroner til prosjektet, som er knytt til utbetring av inneklima og oppvarming, men som også tar med seg Enøk og Universell utforming med meir. Prosjektet tek for seg dei ulike delane av skulen i etappar, og det var i saka opplyst at det er aktuelt å be om ytterlegare løyving i år dersom framdrifta tilseier det.

Framdrifta på prosjektet har vore god, og ein har så langt i år brukt om lag 12 million kroner på prosjektet. Ein rår difor til at det vert løyvd ytterlegare 5,2 million kroner i inneverande år, slik at samla løyving i 2014 vert 15,2 million kroner. Det som i hovudsak står att å gjennomføre i 2015 og 2016 blir maskinhall og nokre rom i 5 etasje, og sanitærsoner (toalett m.m.) som er planlagt oppgradert i eige prosjekt.

Austrheim vgs. – Rehabilitering / ombygging - Forprosjekt

Fylkesutvalet løyvde i sak 33/2014 i februar i år 0,7 million kroner til forprosjektet. Beløpet var basert på ei kalkyle. Arbeidet med forprosjektet har blitt noko meir omfattande og kostnadskrevjande enn ein kalkulerte ved oppstart. Arbeidet med forprosjektet er no i ein sluttfase, og ein rår til at det vert løyvd ytterlegare 0,3 million kroner til prosjektet i 2014.